



Stord kommune
Postboks 304
5402 STORD

Dato: 15.08.2018
Vår ref.: 2018/12282-3
Saksbehandlar: torsan12
Dykkar ref.: 2018/1994 - 14152/2018

Mogeleg samarbeid om utvikling av Stord vidaregåande skule og grunnskuletilbodet i Sentrum bydel

Fylkesrådmannen viser til brev frå Stord kommune 12.6.2018, vedrørande mogeleg samarbeid om utvikling av Stord vidaregåande skule og grunnskuletilbodet i Sentrum skulekrins. Kommunen ber Hordaland fylkeskommune stadfeste at skissert løp kan vere i samsvar med HFK sine planar og pågåande prosessar.

Hordaland fylkeskommune er positiv til vidare dialog med Stord kommune om samarbeid rundt utvikling av Stord vgs og grunnskuletilbodet i Sentrum skulekrins.

Ei endeleg avklaring om Stord vidaregåande skule, avdeling Saghaugen, kan vere aktuell som barneskule, bør skje før førespegla tidspunkt årsskiftet 2018-2019. Alternativt må det avklarast om overtaking av bygget er eit alternativ administrasjonen i Stord kommune vil tilrå.

Fylkesrådmannen skal etter planen leggje fram romprogram for Stord vidaregåande skule, avdeling Vabakkjen, til politisk handsaming hausten 2018. Ein konsekvens av utgreiing og eit eventuelt sal av avd. Saghaugen er utsetting av eit nytt skulebygg, opphavelag planlagt til 2022.

Omstillingsarbeidet ved Stord vidaregåande skule er allereie i gang i høve til HFK sine eksisterande planar. Skulen har også utarbeidd framlegg til framtidig utdanningstilbod. Eit samarbeid om utvikling av Stord vidaregåande skule betyr at omstillingsprosessane ved skulen vil bli utsett.

Utval for opplæring og helse blei orientert 14.8.18 om førespurnaden frå Stord kommune. Same melding går til fylkesutvalet 30.8.18.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Jostein Fjærestad